

Løyve til motorisert ferdsle i utmark (snøscooter, fly, helikopter)

Vilkår for løyve til bruk av snøscootar i Kvam herad.

Hovudutval for kultur har i sak 4/90, 16/90 og 25/95 vedteke følgjande vilkår i samsvar med § 7 i forskriftene:

1. Køyring utafør oppgjeve område er forbode.
2. All køyring mellom kl. 23.00 og 07.00 er forbode.
3. Sun- og helgedagar er det forbod mot køyring mellom kl. 10.00 og 14.00. Unnateke er transport av funksjonshemma.
4. For køyring over privat grunn må løyvehavar innhenta naudsynt løyve for køyring.
5. Godkjent løyve skal medtakast under køyring og framvisast til offentleg oppsyns-/tilsynsteneste.
6. Berre løyvehavar kan nytta snøscootaren. (Unntak når løyvehavar er funksjonshemma.)
7. All køyring med andre føremål enn det løyvet gjeld for er forbode, t.d. turkøyring, køyring med passasjer og snørekøyring (slep av skiløpar).
8. Brot på føresegner og vilkår for løyve kan føra til umiddelbar inndraging av løyve.

Kvam herad, kulturkontoret





Søknadsskjema for løyve til motorisert ferdsle i utmark

Søkjaren:

Namn :	
Gate og postadr:	
Tlf. dagtid :	Mobil:

Søknad gjeld:

a. Løyve til transport med fly/helikopter. Gje føremål (næring, material, evt. tot. kg, tal turar...):
b. Transport med med scooter. Gje reg.nr.:
Ønskjer løyve til: <input type="checkbox"/> leigekøring
<input type="checkbox"/> einskildtur/-ar. For einskildtur, gje føremål, varer, tal turar...:
c. Anna føremål/kommentarar:

Transporten skal foregå i:

Område/stad (lasting/lossing, for leigekøring med scooter skal ein syna til heradet si soneinndeling, for einskildtur med scooter må ein leggja ved kart med innteikna trasé):
Periode/dato:

Søknaden vert handsama etter ”Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag, av 10. juni 1997, nr. 82” og nasjonal forskrift til denne. I ein del tilfelle gjev lova direkte heimel/løyve (td. naudsynt transport med scooter i landbruk/utmarksnæring). På førehand bør føremålet/transporten likevel vurderast i samråd med heradet (tlf. 56553000 eller internett postmottak@kvam.kommune.no). Lova finn De på www.lovdata.no.

All ferdsle skal foregå i samsvar med lova og forskrifta samt kommunale vilkår gjevne etter § 7 i forskrifta. (Sjå baksida.) Den som bryt lova, forskrifta eller vilkåra er straffansvarleg etter § 12 i lova.

Dato:	Stad:	Underskrift:
-------	-------	--------------